

Registrerte husmannsplassar i Medalen i Lom.

1.Hafellbakkjen

2.Berjem

3.Søre Stein

4.Nørdre Stein

5.Øvre Stein

6.Maurstad

7.Sulheimsøye

8.Roberg

9. Engjom

10. Glømsdalsøygarden

11. Kleivslette

12.Kleive

13. Sulheimsøye

14. Sulheimsholen

15. Jakupjordet

16.Sulheimskvee

17. Sulheimsand

18. Stigen

19.Sulheimsbakkjen

20. Flaskom

21.Skjerve

22. Glømsdalsøye

23. Søre Øyjorde

24. Skreddarstugu

25.Kristenmoen

26. Bakken

27. Jostugu

28.Stugukvee

29.Søre Holen

30.Nørdre Holen

31. Brustugu

32. Visøye

33. Kleivajostugu

34. Visvollen

35. Slettvollen

36. Hansstugu

37. Hoftakroken

38.Brimsløtten

39. Bakkestugu

40. Kringelhaugen

41. Tandestugu

42. Tande

43. Lunna

44.Lunna

45. Bakkom

46. Hoftaskjellen

47. Røysheimskjellen


48. Røysheimåsen

49. Vole.


Utarbeidt av

Ragnar Skjelden

Medalen nord



Medalen sør



BAKSIDA 2.

Hoftakroken er unda Hoft, likeins **Hans-stugu** og **Kleiva-Jostugu**. Så va' det ein plass som heitte **Slettvøyll'n**. Der va' far henna Jørgine Boomer frå, far hass Ola Sletten, 'n Hans og 'n Eillan Vågåsarmoe. Di tri va' brør. Far henna Jørgine heitte Rolv. Hein vart gift med 'n Marit Slettede og døm vart fore ildre henna Jørgine. 'N Hans vart gift med 'n Marit, dotter hass Stor-Knut. 'N Eillan va' gift med dotter hass Per Spelmeinn og døm va' foreldre hass Per Krokje, hein som skreiv «Husker du de høye fjelle», ei vise 'n gjorde burti Amerika. Døm hadde sjau onge, og ein som heitte Ola, kom åt Bergon.

Ein plass som heitte **Visvøyll'n** va' der 'n Torbjørn og 'o Else Ringebo budde. Det va' ein plass uttafor Visvøyll'n au. Der står det att berre tøyften ette di som eingong ha' vore der.

Hoftakroken vart sjølstendogt bruk i 1907. Fjeld kjøfte det i 1908, og i 1924 kjøfte 'n Slettvøyll'n au, og dees två ti' legare husmeinnspålassen ha' vore eitt bruk si'a. 'N Ola Fjeld va' frå Staurustbergje, men skreiv seg for Bosmøyn og va' onkel'n hass Oluf Haugom. Hein va' lensmeinsbetjent og vart sjersjant på Jørstadmoen. Desse som vart offisere på Jørstadmoen, måtte gjeinast skifte ettenamn, døm, for døm sku' hå' sterke, stutte ettenamn. 'N Ola tok da namnet Fjeld, og 'n Kristen Krøkje f. eks. tok namnet Lund. Hein va' far hass Knut Lund burti Bessheim. 'N far fortalde at tå di fåe som slapp å skifte namn, va' ein frå Lyngved og gamle Austin, far hass Sigurd. Der 'n Per Haugje bygde, heitte det Visvang. Det kjøfte 'n Jan Christophersen i 2000. Han va' psykolog og stelte så veondele' pent te' der, både ute og inne.

Ein som heitte Hans Syversen Hoftakrokje fekk leie jord millom Krokje og Kleiva-Jostugun. Hein va' da ein husmeinn utta jord, og ette honom vart det heitande Hans-stugu der.

Kleiva-Jostugu, au, ha' namnet sitt ette honom som va' der, 'n Kleiva-jo. Det va' au egentleg ein husmannsplass forutta jord. 'O Maria og 'n Olaf Ringebo kjøfte tofte og sette opp ein an' stugu der. På andre si' øyn tå Visøy'n, på Visbrubakka, låg **Brustugu** som au va' ein plass forutta jord. Men døm hadde ei ku, og foret som sku' te', veinn døm uttame'. Plassen va' egentle' onde Gaupar, men vart ondelagt Hoft seinare.

Leinger oppover, der Visdalsveigen går nå, va' det berre eit råk, og døm som heldt te' der, va' eille husmeinn onde nordgard Gaupar, ner som **Kringelhaugen**, som er onda Hoft.

Men oss kein tå' ste' ein søme' her fysst, og da kjøm oss n'i **Hol'n**, der Holen va'. Hein va' bror henna Torø Åse, og henna Brit Trostokkje, mor hass Hans og hass Tosten. 'O Torø, dotter åt Høla, va' i ungdomme' budeie sjå 'n Julie på Vågåsar. Olav Aasen fekk frådelt toft og bygde se' h us der. Nå er det Ole Jac. Sulheim som eig det.

Her eg bur heiter det **Kristen-Mo'n**. Her va' det tvau folk. Ho heitte Sissel, og hein vart keilla Blind-Kristen, så da veit oss kæ det va' fatt med honom. Men sjøl um hein va' blind, så er det hain som ha' brote upp her, og det va' hein som sette upp denne muren rundt tofte her. «Blind-Kristen» va' forresten tipp-tipp-oldefar hass Ola Klepp, hein. Både ' Kristen og 'o Sissel kom åt Kringelhaugje, og det står at døm døydde som «fatiglemer» der. Det va' någå te' tittel å få med seg åt graven!

Ein som keillast «Hågåbakkjen» Budde her, au. Hein va' einkjemein, men gifta se' upp att me' ei Kari frå Vetli'n. Far min kom her i 1937, og det einaste som stod att på desse plasse da, va' ei litol stugu som mkom upp på Bøverkinnhalsen åt 'om Andreas Hauge. 'O står der enda. Hain va' gift me' dotter åt Madshus og va' skyld på oppigard Sulheim.

Søre Holen vart samensli me' **Stugukve'n**. Der budde oss i 5 år frå 1925. Da gjekk det på tvangsalg. 'N Kjell Fjeld bur der no. Både søre Hol'n og Stugukvee va' husmeinsplasse onda nordigard Gaupar. Det va' harde ti'e for de fleste på tredevetale'.

mykky på reinsjakt. Det va' villrein her dein tie', da mata.

Skjerve er ein plass som låg der 'n Harald Bakkom bygde. E' kjøm ikkje ihug at det va' någå der før 'n Harald bygde der, men det ha' nok vore någå der, for når 'n fer millom Skjerve og Stigje, kain 'n sjå at det æ mura någå uppi bakka der. Kæ det kainn ha vore, er e' kje sikker på, men e' trur det ha' vore ein liten jordveig innafor der. Kanskje va' det berre mura for veigje, for det va' flåme dein gongen au, og når både Bøvre og Visa gjekk i flåm, va' det hardt å vera veig. 'N må rekne med at elve va' mykky høgge og gjekk kanskje leinger inn da.

Oss er vel komne åt sygard **Gaupar** nå? Dein gard'n vart fråfløtt omkring 1920. E' hugsa ikkje folk der, e'. I 1900 gjekk det med mange mennesjå der i sjogskryu. Nå er det vorte så skogje der, innafor gard'n, så det ligg ikkje akkurat i vâe lenger. Døm åtte søre Øyjorde', da serru, så døm fløtte dit, kanskje fyst i 1920-årom. Det va' ette' 1920, men førfor e' va' fødd, fortalde 'n Lars me'. 'N Lars Gaupar va' ein artig kar, og det va eit enestående godt hugu på 'm. E' fekk veta så mangt tå 'm Lars, e'. 'N va' så intressert i alt frå før i ti'n. E' fekk køyre mykje hest sjå'm, au. Det va' så flat ein jordveig på Øyjordede, så det va' messom alldelest ofaleg å sleppe tåmeinn på ein gutongje. Heste og bile va' det likaste e' visste. Jordveigen på sygard Gaupar keinn 'n når virkele' lure på kæ 'n va' heil, men der som Bøvre nå reinn uttafor Gaupar, der ha' det nok vore någå ein gong, og e' trur at mykky tå jordveigje på sygard Gaupar va' på andre siøyn tå Bøver'n. For Bøvre gjekk nok leinger inn på solsiøyn da. Døm åtte ein stor åker samen med nordgard, Ro-åker'n. Døm hadde kvar sin halvpart tå di åkere. Millom gardom va' det ein liten åker, Kåpååker'n, som hørde sygard te', Det va' sagt at det va' sikraste åker'n i Medale'. Det sku' någå te' at det fraus der, og derfor vart 'n kailla Mjølkeraldet. 'N kein sjå att lite tå åkere enda.

E' er 'kje sikker på um det va' 'n Lars eill foreldre hass som selde gard'n åt nordgard slik at gardein vart samenslignen. . E' va' så mykky der, og er' hugsa foreldre hass Lars mæ. More heitte Mari og va frå nigard Galde, tanta hass Jonas. Folket på sygard Gaupar er burte nå. 'N Jo og Lars og 'o Maria va' di siste. 'O Maria va' den eildste tå døm. Fram te 1905 va' det butikk på nordgard. Gardjenta det heitte Røynnåg og vart gift me' ein frå Forberg i Skjåå. Torø, syster henna', vart gift med «Gammel-Hofta». Døm fekk sjau onge. Heillvor, den eldste, vart gift med 'n Røynnog Repp. Døm overtok uppistugu Synstnes ette' far henna' Røynnog og vart vertsfolk i Gjendebu'n. Døm va' foreldre henna' Maria Hoft som dreiv Gjendebue i mange år. Syster henna' Røynnog, Ragnhild, vart vertinne i Gjendesheim.

På **Røisheim** ha' e' vore mykky, og der va' det så godt å vera, for det va' så snille folk der. Og dessa syskene i Røisheim va' så snille for einan, mæ'. Det er nå så ofte det kain vera ovenskap, syskene i millom, men der hørde 'n eilder eit gale ord. Visst 'n Ola Røisheim skulle tå seg ein oslotur, fylgde 'o Torø 'åm støtt burte veigen når 'n gjekk på bussen og ynskte 'åm god tur og velkomen heim att. Og når 'o visste at 'n Ola skulle kåmå att, så møtte 'o upp og tok imot 'åm att. Og det va' støtt 'o Torø som gjorde det. Men når det kom turiste åt døm, så kjørde døm heilt inni gard'n der og tok imot døm der. Døm hadde så mange faste gjeste støtt, mange kjende og berømte persone, idag ha' døm vel vorte keilla kjendise. Mange tå di kjende målarom dein tie, for eksempel Henrik Sørensen og Lars Jordet, budde der i periodå. Munthe va' der mykky og Werenskiold. E' hugsa ikkje kæ døm heitte eille samen, e'. Men når turistbussen kom, hein kom frå Otta og vart keilla «Solskinsbussen», da møtte både 'o Torø og 'n Ola upp og ynskte gjestein sine velkomne. Oss karein budde uppå arbeidsstugun. Der hadde oss ein glugg på veigje, synate der, og frå der hadde oss god oversikt. 'O Røynnog, den aldste tå syskenom vart gift med ein som heitte Syver Syversen frå sygard Marstein. Hein va' lærar i Medale, og døm budde i skulstugun ette at skulen her vart nedlagd. Ette at døm vart burte, va' det Røisheim som overtok skulstugu.

SOLSIDA 1

Det er någå å 50 plasse alt i alt i Medale, dersom ein startar frå Vetløygarde og oppover frå der. Det ha kanskje vore naturleg at Vetløygard'n ha' hørt te Medale' au, men det gjere 'n ikkje. Hein høyre te' i nere Bøverdale'.

Dersom oss tek solside oppover fyst, så va' fyste plassen Stein. Men de t va' tri plasse som heitte **Stein**. Den fyste, søre Stein, låg innafor veigen eille nørst i Vetløygardsjordede, heilt burti ro'n der. Dette va' ein plass forutta jord, men det va' kafé der, kanskje mest nytta tå døm som låg i ferdveigje. Døm va' nå innum der å kjøfte se' kaffe, mata, men au andre folk som for ette Bøverdale' va' innum der og fekk seg lite i livet. Nere Stein keillast det der det er bebygt i dag, det er vel 'n Per Grindvold som ha' det. Der va' 'n Tor Bu og 'o Røynnog. Ho vart keilla «Mor Steine». 'O Røynnog va' dotter åt «Gamel-Suleima», og ho hadde ein bror som heitte Kristen. 'N Tor og 'o Røynnog hadde tvæ jentå. Den eine, Marit, var gardjente på Uppigard Sulheim, og den andre, Ragnhild åt Sunde på Vågå.

Trast ogofor nere Stein låg øvre Stein. Mykky tå jordveigje der va' der veigen går nå, ette rettlinøyn der. Det skulle visst ha' vore bra stor jordveig i Steine, men i 1938 reiste det styggemykky jord der da elve gjekk i flåm på haustkante. Trast noråt øvre Steine låg det ein plass som heitte Maurstad, akkurat der grustaket ligg nå. Um folket der veit eg ingen ting.

Forbi Roberg-nebben, trast ette svingje, låg det ein husmannsplass utta jord. Ein Peder **Roberg** budde der, men han fløtte sy' Lie, uppi Jota, trur e'. Stugu hass sto der Sula og Bøvre møttest. Nordafor der er Rojordede. Der låg det ein gard for leingje si'a. Det er truleg at den gard'n vart burte på grunn tå rasfara der. Eingong på 30-tale' gjekk det ei voldsom skryu der i Rojordede som gjekk langt burtpå øyen der, og det låg att steine store som hus, og større mæ', ette di skryunn. Det skulle vera så god jord der, likeeins på Gaupar og Hoft, men beste jorde i Bøverdale va' nok i Røysheim. Folket i Roberg og ettekåmarein derest kjeinne e' ikkje te'.

E' hugsa døm avla kveite i Bøverdale au; det va' vel kanskje heilst unde krigje døm dreiv mæ' di', burti solsidøyn sjølsagt. Køynnet gjekk ikkje fram på Baksidøyn, og inkje her e' bur. Dette er kaldaste plassen i Medale, det. Her kunne potetgraset frose mange gongå i løpet tå ein sãmår. Men uppå Bakkom va' det varm jord, der! E' ha' vore med å grave potetå der i oktober, og da va' potetgrase grøne! Bakkom er kanskje høgste plassen i Lom; e' trur det ligg på umtrent 800 meter. Kanskje det er lite høggre sy' søre Li'n, Jota og Vetlsætre?

Ogofor oppigard **Sulheim** ligg **Hol'n**. Sigurd Runningshaugje va' den siste som budde der. 'N Halvor Engjom, far henna Julie Vågåsar, kom au frå der. **Sulheimskvee** hørde nigard Sulheim te' der o' Mari å 'n Einar Haugje hadde teltplasse ei ti'. Døm keilla da plassen **Grytin**. E' va' fødd i Sulheimskveen. Men oss budde der berre eit år før oss fløtte på baks'i'a. I Sulheimskveen va' o' Hanna å 'n Torbjørn Gjeilo au, før døm fløtte åt Flå.

Uppi nigardsjordede er det två plasse, **Flaskom** og **Stigen**. Stigen ligg ved Stigberget, og Flaskom va' nesten uppi skogje, uppi øvre jordveigje. Det er ikkje så leingje si det stod att ei lyu der, ja, det stod forresten att ei uppå Flaskom au.

Eille øvst i nigardsjordede va' det ein plass, au. E' hugsa ikkje namnet på 'om. Men det va' ein som keillast «Reins-Jakup» som fekk dyrke upp lite jord og byggje uppi der. Men 'n va' 'kje der leingje, for det va' 'kje råd å bu der, for det fanst ikkje vatn der. Når 'n sku' hente seg vatn, måtte 'n heilt sy' Sula, og der va' det eit gjell! Nei, Gu' fri åss for ein vassveig, au leill! N' Reins-Jakup vart ikkje leingje der. N' fløtte åt Kleivslatten, hein. E' trur 'n va' lit skyld i øvre Nørjordede. N' fekk vel namnet Reins-Jakup fordi 'n dreiv

Synnafor Stugukvee va det ein plass som heitte **Jo-stugu**. Det hørde Øyjordede' te' , og det fylgde nok med lite jord der. Stugu der står att enda.

Nordre **Øyjordede** ha' vore ein gard for seg sjøl. Vøyllakvee' eig det nå. E' æ forresten søpåbeden åt 'om Trond. Det er att så mykky gãmålt der, for folket der tok vare på absolutt alt. Synnafor der sto ei litol stugu som e' veit 'n Harald Bakkom budde ei tí' før 'n bygde på Skjerve. Der budde Gamel-Røisheimen au, siste året 'n livde. Hein vart gift med syster hass Mattias Øyjordede på slutten tå 1800-talet. Døm livde like leingje, dessa tvau, men hein måtte nå vera ein god deleildre enn ho, for hein va' fødd i 1827 og ho på 1840-talet, så det kunne vera rundt 20 år millom døm. Døm døm' i 1913 bau tvau.

Søre **Øyjordede** kom onde Hoft i 1942. Lars Gaupar selde i 1938. Da va' 'n så lei dessa gardsbrukje der, fordin elve va' innpå der rett som det va'. I 1938, um hausten, da det va' tåskore og loe va' opphesja, da gjekk Bøvre i flom i august-september og gjekk heilt innåt husom der og tok med seg kvar ei lohesj. Lars selde åt 'om Torvald Synstnes. Døm va' der i berre tri år. Da låt døm gie frå seg ette odelskrav frå Hoft. Det va' 'n Tor Hoft som fekk skjøte på gard'n. Nå er det 'o Brit Hoft og 'n Kjell Kleiven som eig søre Øyjordede,

For å tå på ein heilt an' kant, nå da, oppover her, så kjøm oss fysst uppå Slette, eill **Primslette**, som det heitest, som da er husmeinns plass onde nordigard Gaupar. Di fysste e' hugsa' der, va' 'n gamle hans Sletten og 'o Marit, ei tå døttom hass gamle Knut Vole.

Den fysste e' hugsa' på **Lunna**, heitte Lysaker. Hein va' frå Vågå og gift med ei frå uppi Synstliom. Døm kom fysst åt **Tande**, men kjøfte Lunna i 1900. På Lunna va' det så bratt at døm dyrka jorde på båe sí'o, va' det sagt. Klysaker tok Lunna som ette'-namn. Det er s gat at 'o kom eilder åt Synstliom meir, 'o va' berre på Lunna, men kom te' slutt åt gamleheime' på Synstad, og 'o døm der i 1937. Ho kjøm e' godt ihog, men hein hugsa e' nesten ikkje. Hein døm sås året som 'n gamel- Knut, i 1929. Det året dørfattar'n au, Aukrusten. 'N vart berre 46 år hein, veit du.

Kringelhaugen er onde Hoft kome. Der ha' 'n vore, far min au, for 'n kjøfte Haugen i 1908 tå 'åm Tor Haugje. 'N Per Spelmeinn gifta seg me' einkjøyn på Kringelhaugje, og med hena fekk 'n tri gute'. Olaus og Tor, og sp va' det 'n Per som va' far hass Einar Heugje.

På Lunna va' det styggele bratt, men på **Bakkom** va' det egentle' ikkje det. Bakkom va' eit sjølstendogt bruk, og det må vera ein skrekkjele' gãmøyl gard, for fleire tå husom der er styggele' gamle, men døm kunne sjølsagt ha vore fløtte dit frå andre sta'n. Det er nie gamle hus uppå der, og 6 tå døm er frå 1700-tale. Eit geithus og ei tårstugu er frå 1662.

Ogofor Bakkom ligg **Bakkesætre**, og både nordigard og sygard Gaupar hadde sæter der. 'N Per Spelmeinn budde fast der ei tid.

Grave hass Per Spelmeinn ligg onde troppen der oss går inn i kyrkja nå, for inngangspartiet vart fløtt dit frå leingere sør. Så grave hass Per veks det ikkje mykky blome på!

E' tykkjy oss sku' haft med lite frå Visdale' au, for e' meina at det er någå der som ikkje vart med i bygdeboken. E' ha' m.a. funne ein plass der frå 1759 som det ha' vore fastbuandest folk på.